

Interesseselskapet Rv 52/Rv 5

Stiftingsmøte vart halde 5. mars 2015 på Sogndal kommunehus

Tilstades som stiftarar var:

Hemsedal kommune v/ ordførar Oddvar Grøthe

Gol kommune v/ ordførar Hallvor Lilleslett

Lærdal kommune v/ ordførar Jan Geir Solheim

Sogndal kommune v/ ordførar Jarle Aarvoll

Ikkje til stades som stiftar:

Jølster kommune v/Oddmund Klakegg

Kontingenten vart fastsett til kr 10.000,-

Som møteleiar vart valt: Oddvar Grøthe.


Stiftingsdokumentet med framlegg til vedtekter vart framlagt.

Interesseselskapet vart så vedteke stifta. Ein gjekk deretter over til val av styre.

Namn:	Valperiode
Hemsedal kommune v/ ordførar Oddvar Grøthe	2 år
Gol kommune v/ ordførar Hallvor Lilleslett	1 år
Lærdal kommune v/ ordførar Jan Geir Solheim	1 år
Sogndal kommune v/ ordførar Jarle Aarvoll	2 år
Jølster kommune v/Oddmund Klakegg	2 år

Styret konstituerer seg i fyrste styremøte

Underteikna av **alle** stiftarane

Namn:	Adresse:
Hemsedal kommune v/ ordførar Oddvar Grøthe 	3560 Hemsedal

Det blir innkalla på same måte som for ordinære årsmøter, med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og gjera vedtak i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

§ 13 Styret

Selskapet blir leia av eit styre på 5-7 medlemmer. Styret er høgste mynde mellom årsmøta.

Val av styre blir gjort av årsmøtet

Styremedlemmer blir valde for to – 2 – år om gongen

Varamedlemmer blir valde for to – 2 – år om gongen

Styret sin leiar og nestleiar blir vald for eitt – 1 – år om gongen

Dei kommunane som er medlemmer i interesseselskapet skal ha eit fleirtal av styret sine medlemmer.

Styret skal:

1. Iverksettje årsmøte sine vedtak
2. Utpeike etter behov komitar, utval, personar for særskilde oppgåver og utarbeide instruks for desse.
3. Administrere og føre nødvendig kontroll med Interessseselskapet Rv 52/Rv 5 sin økonomi i samsvar med gjeldande instruksarar og vedtak.
4. Representere Interessseselskapet Rv 52 /Rv 5

Styret skal halde møte når leiaren krev det eller minst 1/3 av styret sine medlemmer krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmer er tilstades. Vedtak blir gjort med simpelt. Ved like mange stemmer tel møteleiar si stemme dobbelt.

§ 14 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtekter kan berre blir føreteke på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og ein må ha 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene.

§ 15 Oppløysing

Oppløysing av Interessseselskapet Rv 52/Rv 5 kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysinga vedteken med minst 2/3 fleirtal, blir det innkalla til ekstraordinært årsmøte tre – 3 – månader seinare.

Samanslutning med andre foreiningar kan ein ikkje sjå på som oppløysing av Interessseselskapet Rv 52/Rv 5. Vedtak om samanslutning og naudsynt vedtektsendringar i tråd med dette, blir bestemt i samsvar med vedtektene § 14.

§ 5 Stemmerett og kven som er valbare

Alle medlemmer har stemmerett og er valbare til tillitsverv i selskapet.

§ 6 Kontingent

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet og skal betalast på forskot.

Medlemmer som skulder kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar. Om eit medlem blir stroke, kan det ikkje takast oppatt som medlem før kontingent er betalt.

§ 7 Tillitsvalte si godtgjering

Tillitsvalte skal ikkje ha honorar for verva sine.

§ 8 Årsmøte

Årsmøtet, som blir halde kvart år i april månad, er Interesseselskapet sitt høgste mynde. Årsmøtet blir innkalla av styret med minst ein – 1 – månads varsel, direkte til medlemmene. Framlegg som skal handsamast på årsmøtet skal vere sendt til styret seinast to – 2 – veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vere tilgjengeleg for medlemmene seinast ei – 1 – veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmer med røysterett som møter. Ingen medlem har meir enn éi stemme. Stemmegjeving kan skje ved fullmakt.

På årsmøtet kan ein berre handsame framlegg om vedtektsendring som er ført opp på sakslista seinast ei – 1 – veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjerd kan berre bli teke i samband med godkjenning av sakslista.

§ 9 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet blir leia av vald dirigent. Dirigenten treng ikkje å vere medlem av selskapet.

§ 10 Stemmegjeving på årsmøtet

Med mindre anna er bestemt er eit vedtak gyldig med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmene. Blanke stemmer skal ein sjå på som ikkje avgitt.




§ 11 Årsmøte sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Handsame årsmelding
2. Handsame rekneskap i revidert stand
3. Handsame innkomne framlegg
4. Fastsette kontingent
5. Vedta budsjett
6. Velje:
 - a. Leiar og nestleiar
 - b. Styremedlem(mer)
 - c. Revisor og vara for revisor

§ 12 Ekstraordinære årsmøter

Ekstraordinære årsmøter blir halde når styret bestemmer det, eller minst ein tredjedel av dei stemmeberettiga medlemmene krev det.

Gol kommune v/ ordfører Hallvor Lilleslett 	Gamlevegen 4, 3550 Gol
Lærdal kommune v/ ordfører Jan Geir Solheim 	6887 Lærdal
Sogndal kommune v/ ordfører Jarle Aarvoll (Underskrift med atterhald om endeleg politisk godkjenning) 	6856 Lærdal
Jølster kommune v/Oddmund Klakegg (Underskrift seinare)	6843 Jølster

Interesseselskapet vart erklært stifta og møtet heva

Sogndal, 5. mars 2015

Vedtekter for Interesseselskapet Rv 52/Rv 5

§ 1 Selskapet sitt namn

Selskapet sitt namn er: Interesseselskapet Rv 52/Rv 5 og vart stifta 5. mars 2015.

§ 2 Formål

Interesseselskapet sitt formål er å fremje Rv 52 med arm Rv 5 som ein hovudveg mellom Austlandet og Vestlandet.

I dette ligg det også å gje innspel til utbetring og omlegging av vegane og å gjera framlegg om trafikktryggleiksfremjande tiltak.

§ 3 Juridisk person

Selskapet er sjølv eigande og ei frittståande juridisk eining med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemmer

Kommunar, fylkeskommunar og selskap som ønskjer å arbeide for interesselskapet sitt formål kan bli medlemmer.